


Profilar og oksygen i Lurefjorden, 20. januar 2010

Temperaturen i dei øvste 88 metrane var stabil på 5,9 °C, før eit sprangsjikt der temperaturen auka til 7,4 °C på 94 m djup. Herifrå var det ein svak nedgang til 6,9°C på botnen på 442 m djup.

Saltinnhaldet var 32,4 dei øvste ca 88 metrane, så auka det raskt til 32,9 på 94 m djup. Herifrå auka saltinnhaldet svakt til 33,0 ved botnen.

Oksygeninnhaldet auka jamt frå ca 8,5 mg O₂/l i overflata (tilsvarande ei oksygenmetting på 84 %) til eit maksimum på ca 9,3 mg O₂/l mellom 45 og 88 m djup (90 %). Herifrå sokk innhaldet raskt til 6,0 mg O₂/l på 112 m djup (61 %) og 5,0 mg O₂/l på 130 m djup (50 %). Oksygeninnhaldet sokk noko mindre raskt, men jamt vidare nedover, og var 2,95 mg O₂/l på 400 m djup (30 %) og 2,82 mg O₂/l ved botnen på 440 m djup (28 %).




Tidlegare målingar


Ei samanlikning med målingane frå mai 2008 (svarte strekar), november 2008 (blå strekar) og juli 2009 (raude strekar) viser at temperaturen i djupvatnet har vore stabil djupare enn ca 200 meter i perioden, men med ein liten auke til målinga i 2010 (orange strekar). Dei øvste 100 metrane er det relativt stor variasjon, avhengig av årstid, som ventande kan vere.

Oksygenet i djupvatnet har endra seg noko, ved at det auka noko frå mai til november 2008, for så å minke til juli 2009, og var då på det lågaste nivået som er målt (sjå også siste figur). Til målinga i januar 2010 har det vore lite endring, men nivået er ørlite høgare enn i juli 2009.

Dette kan tyde på at det har vore litt fornying i djupvatnet i løpet av 2008, men at tilsvarende ikkje har skjedd første halvår 2009. Resultata kan imidlertid tyde på at det var ein liten utskiftingsperiode sommaren 2009, og grafen (raud) tyder på at dette kan ha føregått i løpet av juli, sidan kurva var noko ujamn, og det var høgare oksygeninnhald mellom ca 100 og 200 meters djup. Ein ville også ha venta at oksygeninnhaldet i januar 2010 var lågare enn i juli 2009 om det ikkje hadde vore utskifting. I og med at nivået var om lag det same (litt høgare i 2010) tyder det på ein liten utskifting i mellomliggende vasslag, som har hatt berre ein liten, men merkbar, effekt ned mot djupna.



Saltinnhaldet og tettleiken i djuvatnet har derimot ikkje endra seg vesentleg i perioden, og det tyder ikkje på at det har vore utskifting av noko omfang i resipienten. Dette er litt rart i og med at temperaturen var litt høgare i 2010 enn føregående målingar.



Sammenstillinga over oksygenivå viser at nivået framleis er på det lågaste som er målt. Merk at figuren viser oksygeninnhaldet som ml/l, omregningsfaktor frå mg/l er 1,42 (jfr. SFT 1997).

